



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	06.04.2016	22597/2016/S11	Johnny Loen, 71 25 82 88	25.05.2016

Sykkylven kommune - Brunstad Kraft AS - overføring av bekk og auka slukeevne - vassressurslova - fråsegn til høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Vi vil tilrå Borhol alternativ 2. Om ein vel alternativ 2 vil vi ikkje ha nokre merknader til planen. Dersom ein vel alternativ 1, med nedgrave røyr så vil vi stille krav om arkeologisk registrering jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML), fordi vi vurderer setervollen nedafor Vellesætra til å ha potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10.

Vi ber om tilbakemelding på kva alternativ ein vel. Dersom ein vel alternativ 2 vil vi utarbeid eit budsjett for den arkeologiske registreringa. Den arkeologiske registreringa må gjennomførast før den endelege planen eventuelt kan godkjennast. Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som mogleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om ein utsett registreringa til planen er ute til offentleg ettersyn, kan dette forseinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak.

Vi har ikkje merknader utover dette.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
Ass. fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog, Guro Dehli Sanden, tlf. 71 25 88 63

Kopi:
Sykkylven kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her